



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato:

14.10.2019

Vår ref:

2019/14152

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Trekker motsegn - Lindås - Knarvik - Alversund med Alverstraumen - kommunedelplan 2019 - 2031

Vi viser til samordna uttale med motsegn datert 02.10.19 og kommunen sine forslag til endring mottatt her 11.10.19 og 14.10.19.

Statens vegvesen ber Fylkesmannen om å trekke motsegn til planen i brev datert 14.10.19. Vi viser til brev og notat datert 14.10.19.

Fylkesmannen meiner at kommunen har følgt opp punkta frå dialogmøtet på nesten alle punkt. Vi har likevel framleis nokre merknader til byggegrense mot vassdrag, ROS og omsynssone H910.

Byggegrense mot vassdrag

Vi oppfatta i dialogmøtet at kommunen skulle leggje inn byggjegrense mot vassdrag i byggjeområda. Det er no lagt inn byggegrense mot vassdrag på 20 meter, også i LNF-formål der nedslagsfeltet til vassdraget er mindre enn 20 km². Generelt er vi noko kritisk til denne løysinga. Når ein skal fastsette ei byggjegrense mot vassdrag med mål om å ta vare på vassdragsnaturen, er det viktig at verdien av vassdraget først vert skildra og vurdert. Det er ikkje nedslagsfeltet sin storleik som primært er viktig i ei slik vurdering. Om vassdraget er anadromt, saman med vurderingar av tilstanden til fiskestammane i vassdraga, vil vere eit meir konkret kriterium å vurdere byggegrenser etter, jf. laks og innlandsfisklova § 1, 2 og 7. Då det ikkje er gjort konkrete vurderingar av dette og av verdiar i vassdraga generelt, bør kommunen prioritere vassdragsnaturen høgt i sitt vidare planarbeid. Fylkesmannen finn likevel i denne omgangen å kunne akseptere løysinga som er valt, med 20 meter byggjegrense i byggjeområde og langs mindre/ mellomstore vassdrag.

Omsynssone H910

Kommunen har no tatt inn ein liten tekst i planskildringa som forklarar korleis reguleringsplanar som skal gjelde vidare uendra er vurdert av kommunen. Fylkesmanen si vurdering er i utgangspunktet at kommunen må vurdere kvar enkelt plan i planskildringa på ein slik måte at vurderingane er etterprøvbare. Slik det er no må vi leite opp reguleringsplanane og vurdere dei sjølv. Vi vel likevel å stole på at kommunen har gjort dei naudsynte vurderingane, og at dei planane som no ligg med omsynssone H910 ikkje er i strid med nasjonale og regionale interesser. Det er likevel



vikting at kommunen tar med seg at ved utarbeiding av kommuneplan for Alver må kommunen på ein heilt anna måte synleggjere vurderingane som vert gjort på dette temaet.

ROS

Vi meiner at oppdateringa av ROS-analysen i hovudsak er bra. Vi registrerer at fare for ustabil grunn framleis skal vurderast på byggesaksnivå. Vi ber kommunen vere særleg oppmerksam på denne problemstillinga.

Konklusjon

Fylkesmannen stadfestar at det ikkje lenger ligg føre statlege motsegner som er til hinder for kommunalt planvedtak.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER